

Giske kommune
Valderhaug 4
6050 Valderøya

OSE AS
Vikegata 19 A, 6150 Ørsta
Tlf 70 04 52 20
firmapost@oseing.no

oseing.no

Dykkar ref.: Vår ref.: P1493 Dato:13.12.2018

Detaljplan Vigra næringspark nord – merknadsvurdering etter varsel om oppstart av planarbeid

Detaljplan Vigra næringspark nord vart etter vedtak 18.10.2018 i KMT-060/18 varsla oppstart av planarbeid i perioden 25.10.2018 – 07.12.2018. Det har kome inn 6 fråsegner til planen. Utdrag av desse med vurdering under:

Statens vegvesen, datert 26.10.2018

Framlegg til planprogram og signal frå oppstartsmøte med Giske kommune synes å ta i vare omsyn som Statens vegvesen er merksame på. SVV vil kome med ytterlegare innspel når planarbeidet vert meir konkret. ÅDT til flyplassen ligg på 4600 – 4700 køyretøy per døgn (ÅDT).

Vurdering:

Teke til vitande.

NVE, datert 04.12.2018

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gjev råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova. Forslagsstillar har ansvar for at desse interessene vert vurdert i planarbeidet.

Flaum, erosjon og skred

God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebyggje skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og TEK17 set tydelege krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte vere trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesser, kan utløse konsesjonsplikt etter vassressurslova. Dersom det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber ein om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplanen kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg.

Ved oppstart av planarbeidet blir det rådd til at følgjande rettleiarar og verktøy blir nytta:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy finnast på www.nve.no/arealplan.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta.

Vurdering:

Teke til vitande. Planen får ingen følgjer for NVE sine saksområde, kommunen må vurdere om NVE skal varslast i samband med offentleg ettersyn.

ÅRIM, 06.12.2018

Ingen kommentar.

Vurdering:

Teke til vitande.

Voahangy og Atle Solholm, datert 07.12.2018

I informasjonsbrevet stod det at reguleringsarbeidet vert vurdert å gje små negative ulemper for naboar til næringsparken. Underteikna vil kome med følgjande merknad:

Det har vorte høgare grunnvatn som har vore til plage etter sist det vart utført grunnarbeid ved næringsparken. Det er ikkje tenkt på drenering rundt underteikna sin eigedom. Det har vorte eit stort problem og det er ønskeleg at dette blir løyst før ein går vidare med planane. Nabo Sigrid Roaldsand har hatt fleire oversvømingar i kjellar av same grunn. Dette har ikkje skjedd før, det har vore tørt rundt huset hennar.

Næringsparken har fjerna tre langs hovudvegen. Dette har medført til auka støy for underteikna, mindre skjerming. Sørvesten blir merka godt, til tross for planting av tre.

Underteikna ber om at det blir teke omsyn til desse problema i vidare arbeid, jamfør konsekvensar for folkehelse, klima og energi. Underteikna ønskjer godt naboskap med næringsparken.

Vurdering:

Teke til vitande. Innanfor planområdet har det ikkje vore utført grunnarbeid sidan 2014/2015. Truleg er det ikkje det som er årsak til oversvøming, men tiltak nyleg som er gjort sør for planområdet. Vegetasjon innanfor planområdet vart fjerna 2014/2015.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 06.12.2018

Det er ikkje kjent at det er registrert automatisk freda kulturminne i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknadar knytt til tiltaket. Ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga hjå fylkeskommunen for avklaring.

Vurdering:

Teke til vitande. Det blir i føresegnene lagt inn krav om stopp i arbeid med grunnarbeid og avklaring med fylkeskommunen dersom det vert gjort funn av noko som kan vere automatisk freda kulturminne.

Avinor AS, datert 12.12.2018

Som Avinor AS tidlegare har påpeikt, har Ålesund lufthamn Vigra lagt til rette for naudsynt publikumparkering for reisande. Tilrettelegging for ytterlegare parkeringskapasitet skapar ein konkurranse som Avinor AS forstår Giske kommune ynskjer, men som effektivt undergrev målet om at kollektivtransport skal kunne ta delar av auken i persontransport. Avinor AS har som målsetting å auke delen av reisande som nyttar kollektivtransport til flyplassen. Dagens situasjon med 3 aktørar som driv publikumparkering, har ført til stor overkapasitet på parkeringsplassar ved lufthamna,

og priskrig som reduserer prisane for parkering. Dette gjer at fleire enn tidlegare vel å nytte privatbil til og frå Ålesund lufthamn Vigra. Avinor AS fryktar at meir overkapasitet på parkeringsplassar vil medføre ytterlegare nedgang i nytta av busstilbodet, noko som sannsynlegvis vil føre til at det vert reduksjonar av dette. Føremålet med planen om auke i privatbilnytte vil og ytterlegare belaste vegsystemet mellom Ålesund og lufthamna.

Avinor AS vil peike på at det må leggjast til rette for trygg passering av Flyplassvegen og mellom betalingsparkering og terminalområdet.

Vurdering:

Teke til vitande. Største delen av persontransport mellom terminalen og planområdet skjer med shuttelbussar, noko som vil vere med å redusere trafikkbelastninga ved terminalen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 12.12.2018

Senterstruktur og kjøpesenter

I samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel vart ulike område i kommunen diskutert i høve etablering av detaljhandel og kvar ein ønskjer plassering av framtidige bustadar og handelsentra i kommunen. Som resultat av dette er det mellom anna starta opp områderegeringsplan for Sætra, med målsetting om vidare utvikling av Sætra som handelssentrum. Sætra ligg om lag 3,5 km frå planområdet for Vigra næringspark. For øya Vigra er det i arealdelen berre opna for etablering av inntil 3000 m² detaljvarehandel på Roald, i tillegg til inntil 2 500 m² i sjølv Gjørundet, for hovudsakleg plasskrevjande varer.

Verknaden av tilrettelegging for detaljvarehandel eller handel med plasskrevjande varer i planområdet må vurderast i konsekvensutgreiinga og avklarast i høve føringane i kommuneplanen sin arealdel og Retningsliner for lokalisering av kjøpesenter i Regional delplan for attraktive byar og tettstadar. I motsett fall vil Fylkesmannen vurdere motsegn til planframlegget.

Klima og energi

Det er lagt til rette for stort kvadratmetertal til næring og parkering innanfor planområdet. Aktiviteten i planområdet og til flyplassen på Vigra er for ein stor del personbilbasert. Ut i frå eit klimaperspektiv utgjer biltrafikken den klart største delen av CO₂-utslepp til transport, der transportsektoren igjen er ein av dei største kjeldene til CO₂-utslepp totalt. Fylkesmannen ønskjer ei vurdering gjennom planarbeidet på korleis aktiviteten reguleringsplanen legg til rette for vil relatere seg til målsettinga om vesentleg reduksjon i klimagassutsleppa frå vegtrafikk.

Gåande og syklande

FM føreset at tilhøva for mjuke trafikantar vert ivareteke gjennom planarbeidet, der samanhengande, logiske og trygge løysingar er viktige stikkord. Tilhøva for kollektivtrafikk og eventuelt behov for endring må også gå fram av planarbeidet.

Forureining og støy

Gjeldande støyregelverk for reguleringsplanar er Klima- og Miljødepartementets retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging gjeld grenseverdiane som er relevante for støyfølsam busetnad; bustadar, fritidsbustadar, pleie- og sjukeheim, sjukehus, skular og barnehagar. Kontor og næringsbygg er ikkje omfatta av desse grenseverdiane.

Vurdering:

Teke til vitande. Planen vil leggje opp til sal av plasskrevjande varer knytt til dagens verksemd i planområdet – sal av ferdighus. Det blir lagt opp til sal av varer som naturleg høyrer til husbygging. Dette vil bli vurdert i konsekvensutgreiinga. Det blir i planomtalen gjeve ei vurdering av planen sin arealbruk knytt til klima og miljø.

Konklusjon

Fråsegnene blir teke til vitande og i all hovudsak teke til følgje.

Bjarte F Friisvold

Arealplanleggar

Mob. 974 89 987

Oseing.no

Vedlegg

Detaljplan Vigra næringspark nord - innkomne fråsegner oppstart_2018.12.13